
Fra: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Sendt: onsdag 26. juni 2019 21.28
Til: 'Arne Mjåtveit'
Kopi: 'Arnt Brakstad'; Hanne Marie Evensen; Eirik Bouwer Utne; Sølvi Knudsen; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Emne: SV: Elias Mjåtveit-huset - kva skjer?
Vedlegg: Elias Mjåtveit førebels tilstandsvurdering.pdf

Hei!

Når det gjeld det fyrste spørsmålet ditt, reknar vi at det er gjeve svar på det i den fyrste rapporten (førebels tilstandsvurdering) som Gamle 3Hus laga. Vi oppfattar den klart slik at huset er verdt å ta vare på, sjølv om det er relativt omfattande skadar på ein del bygningsdelar. Eg trur eg har sendt deg den rapporten før, men legg han i alle tilfelle ved her igjen.

Oppgåve 2. er den eg nemner nedanfor, dvs. «*Ei meir utførleg tilstandsvurdering som meir spesifikt skisserer kva som kan brukast opp att og kva som må skiftast ut, og ein tiltaksplan med kostnadsoverslag.*» Denne vurderinga er heilt avgjerande både for planarbeidet vidare og for det vidare arbeidet med finansiering.

Når det gjeld dugnaden, så startar den søndag kl. 1200. Eg veit ikkje i kor stor grad vi treng å leggja frå oss material på plassen oppe ved huset 363. Vi har tenkt at vi kanskje kunne nytta ein gangsti som går bort til bilvegen og deponera avfallet der til vi kan ta det vidare til gjenbruksstasjonen ved fyrste høve. Verkar det som ein god plan?

Beste helsing
Haakon Aase

Fra: Arne Mjåtveit <arnemjaa@gmail.com>
Sendt: onsdag 26. juni 2019 12:42
Til: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Emne: Re: Elias Mjåtveit-huset - kva skjer?

Takk for informasjon !

Regna med at dere har fått svar på hos Gamle3hus at Elias Huset er verd og ta vare når dere nå er i gang ? Det vi lurte på er følgene 1. Hva oppgåve 2 er som de skal starte etter ferien er ? 2. Nå til helga trenger dere plassen opp ved huset 363 når dere rydder og evt. Starter dugnadsfolkene opp lørdags morgen ? Da må jeg få han som leier i 363 og flytte biler. Det er ingen problem når vi veit når dere er der.

Mvh Arne Mjåtveit

Sendt fra min iPad

Den 25. jun. 2019 kl. 22.36 skrev Haakon Aase <haa-aase@online.no>:

Hei!

Eg viser til møte tidlegare i månaden om Elias-huset, eit møte eg dessverre ikkje fekk høve til å vera med på grunna oppfylging på sjukehus. Men eg har lese referatet som er sendt og også fått hovudtrekka referert frå m.a. Marie Morken.

Som vi alle veit, er det eit par ledd som er vesentleg for framdrifta vidare. Det er fylgjande:

1. Dokumentasjon av bygningen, det omfattar m.a. nøyaktig oppmåling og utarbeiding av teikningsmateriale,
2. Ei meir utførleg tilstandsvurdering som meir spesifikt skisserer kva som kan brukast opp att og kva som må skiftast ut, og ein tiltaksplan med kostnadsoverslag

Som de også veit, har Meland Sogelag og Meland Mållag støtta seg på firmaet Gamle3Hus i dette arbeidet. Dei har også kalkulert kostnadene ved desse to gjeremåla. Tett opp i ferietid og eit særdeles krevjande program har det ikkje vore opplagt at Gamle 3Hus kunne vera i stand til å frigjera ressursar til dette arbeidet på kort varsel.

Vi er derfor svært glade for å kunna melde at dei har sett av ein av sine arkitekter til arbeidet med oppgåve 1. Han starta faktisk arbeidet i går, 24.06.19. Når det gjeld oppgåve 2., har vi fått forsikring om at dei har den på planen, men vil ikkje kunna tidfesta oppstart før etter ferien.

Vi er også glade for at det har vore mogleg å mobilisera dugnadsfolk – også det på kort varsel før ferien, og under kyndig leiing – til vera med å ta ned tilbygget mot nordvest, det som av alle vert rekna som totalskadd. Dette vil bli utført fyrstkomande helg, dvs. 30.06.19. Vi reknar med å få teke ned alt treverket og berga takstein og anna tilfang som måtte vera brukande. Alt som skal kasserast, vil bli frakta til gjenbruksstasjonen så snart dette let seg gjera, dvs. det er planlagt utført i den påfylgjande veka.

Når det gjeld heile det store prosjektet – å berga Elias-huset – er det sjølv sagt også fleire viktige ledd, m.a. ei fagleg forsvarleg og trygg demontering av bygningen, eit opplegg for behandling mot skadedyr og etablering av ein lagerplass.

Beste helsing
Haakon Aase
For Meland Sogelag og Meland Mållag